

## Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet

Fredag 27. oktober kl. 09.30 – 14.30, Kvinnherad Arena, Husnes

### Desse møtte:

Bente Kari Sletten Taranger	Austevoll kommune
Morten Helland	Bømlo kommune
Kjetil Aga Gjøsæter	Bømlo kommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Etne kommune
Wenche Tislevoll	Fitjar kommune
Vegard Bjørnevik	Kvinnherad kommune
Leif Ove Mikkelsen	Kvinnherad kommune
Sigbjørn Framnes	Stord kommune
Tommy Johansen	Stord kommune
André Mundal Haukås	Sveio kommune
Jostein Førre	Sveio kommune
Synnøve Bakke	Tysnes kommune
Steinar Dalland	Tysnes kommune

### Frå administrasjonen:

Tora Haslum Myklebust	Region Sunnhordland
Anne Almås Tranøy	Region Sunnhordland

### Forfall:

Thomas Martin Larsen, Austevoll kommune – Filippo Ballarin, Etne kommune – André Sæthre, Fitjar kommune

### Bedriftsbesøk og orienteringar før møtestart:

- Salssjef Bjørn Bjelland Mathisen v/Norwater tok regionrådet med på omvising i produksjonslokala deira, og orienterte om deira arbeid med å utvikle ferskvatnanlegg og prosessen med å konvertere sjøvatn til drikkevatt for bruk på skip, plattformer og på land.
- Kokk og eigar Tommy Person orienterte om oppbygging og drift av selskapet Bra Lunsj.
- Ordførar Vegard Bjørnevik ønskte velkomen til Kvinnherad.
- Presentasjonsrunde av deltakarane i Sunnhordlandsrådet.
- Dagleg leiar Tora Haslum Myklebust orienterte om organisasjonen og omstruktureringa av Region Sunnhordland og Sunnhordlandsrådet.

### Sakliste:

Sak 29/23 Godkjenning referat frå møte i Sunnhordlandsrådet 19. september

- Sak 30/23 Møteplan 2024  
Sak 31/23 Bruk av tiltakspotten  
Sak 32/33 Geopark Sunnhordland - val av representant  
Sak 33/33 VLFK Klimarådet - val av representant  
Sak 34/33 Atheno - val av representant  
Sak 35/33 KIK Sunnhordland (kulturmiljø og bygningsvern Sunnhordland) - val av rep.  
Sak 36/33 Konseptvalutgreiing E134 arm til Bergen  
Sak 37/33 Møte med Hordalandsbenken og ulike departement 2024  
Sak 38/33 Arendalsuka -evaluering og plan for neste år  
Sak 39/23 Skriv og meldingar  
a) Sunnhordland Ungdomsråd 6. november  
b) Kommunekonferanse - Kommunane møter staten 29-30. november  
c) Regionrådsmøte 7. des. og fellesmøte med Haugalandrådet 8. des.  
d) Felles formannskapsmøte 16. februar 2024
- Sak 40/23 Ymse  
a) Val av Sunnhordlandsrådet sin representant til reiselivssatsinga Visit Sunnhordland.  
b) Grøn region Vestland  
c) Studietur - våren 2024

Sunnhordland, 31. oktober 2023

Tora Haslum Myklebust  
Dagleg leiar

**Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet**  
**Fredag 27. oktober kl. 09.30 – 14.30, Kvinnherad Arena, Husnes**

**Sakliste:**

**Sak 29/23 Godkjenning referat frå møte i Sunnhordlandsrådet 19. september**  
Samrøystes

**Sak 30/23 Møteplan 2024**

Møteplan 2024 vart lagt fram til drøfting i Sunnhordlandsrådet.

På møte:

Tora – notert endringar s

**Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet godkjenner møteplan for 2024 slik den ligg føre.

**Samrøystes vedtak:**

Sunnhordlandsrådet godkjenner møteplan for 2024 med dei endringane som kom i møte.

**Sak 31/23 Bruk av tiltakspotten**

**Framlegg til vedtak:**

1. Sunnhordlandsrådet løyver inntil kr. 240 000,- frå tiltakspotten til å løyse ut prosjektmidlar frå Innovasjon Norge på kr. 200 000,-
2. Sunnhordlandsrådet løyver kr. 38 500,- frå tiltakspotten til å løyse ut prosjektmidlar frå Vestland fylkeskommune på kr. 346 500,-

**Samrøystes vedtak:**

1. Sunnhordlandsrådet løyver inntil kr. 240 000,- frå tiltakspotten til å løyse ut prosjektmidlar frå Innovasjon Norge på kr. 200 000,- til prosjekt «Resertifisering av berekraftig reisemål».
2. Sunnhordlandsrådet løyver kr. 38 500,- frå tiltakspotten til å løyse ut prosjektmidlar frå Vestland fylkeskommune på kr. 346 500,- til prosjekt «Marknadsføre skular og yrker for rekruttering av lærlingar».

**Sak 32/23 Geopark Sunnhordland - val av representant**

På møte:

Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Etne og ordførar Vegard Bjørnevik, Kvinnherad vart spelt inn som representantar til styret i Geopark Sunnhordland AS.

**Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes ..... som regionrådet sin representant i styret til Geopark Sunnhordland, med ..... som vararepresentant.

**Vedtak:**

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes ordførar Vegard Bjørnevik, Kvinnherad kommune som regionrådet sin representant i styret til Geopark Sunnhordland, med ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Etne kommune, som vararepresentant.

Representantane vert valde for 2 år.

### **Sak 33/23 VLFK Klimarådet - val av representant**

Fylkeskommunen inviterer Sunnhordlandsrådet til deltaking med ein representant, samt vararepresentant.

#### På møte:

Ordførar Bente Kari Sletten Taranger, Austevoll og ordførar Wenche Tislevoll, Fitjar vart spelt inn som representantar til Vestland fylkeskommune sitt klimaråd.

#### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes ..... som regionrådet sin representant i Klimaråd Vestland, med ..... som vararepresentant.

#### **Vedtak:**

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes ordførar Bente Kari Sletten Taranger, Austevoll, som regionrådet sin representant i Klimaråd Vestland, med ordførar Wenche Tislevoll, Fitjar, som vararepresentant.

Representantane vert valde for 2 år.

### **Sak 34/23 Atheno - val av representant**

Atheno AS driv det regionale næringsutviklingsarbeidet i Sunnhordland. Sunnhordlandsrådet har dei siste åra deltatt som observatør i Atheno AS sitt styre. Det er fortrinnsvis regionrådsleiar som har hatt denne rolla, men dei siste åra er det nestleiar Linn Therese Erve som har møtt.

#### På møte:

Det kom innspel om at Sunnhordlandsrådet sin representant som observatør i Atheno sitt styre bør vera leiar i Sunnhordlandsrådet.

Ordførar André Mundal Haukås, Sveio blir vald som ny leiar i Sunnhordlandsrådet 7. desember 2023.

Ordførar Synnøve Bakke, Tysnes, vart spelt inn som vararepresentant.

#### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes ..... som regionrådet sin observatør i Atheno AS sitt styre, med ..... som vararepresentant.

#### **Vedtak:**

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes ordførar André Mundal Haukås, Sveio, som regionrådet sin observatør i Atheno AS sitt styre, med ordførar Synnøve Bakke, Tysnes, som vararepresentant.

Representantane vart valde for 2 år.

**Sak 35/23 KIK Sunnhordland (kulturmiljø og bygningsvern Sunnhordland) - val av representant**

I 2022 blei det etablert eit samarbeidsprosjekt i Sunnhordland med mål om å styrka kommunane sin kompetanse på forvaltning av kulturmiljø, og å styrka den regionale bygningsvernkompetansen.

Det er kome førespurnad om representant frå regionrådet inn i styringsgruppa for prosjektet.

På møte:

Det kom innspel om ordførar Synnøve Bakke, Tysnes, som regionrådet sin representant i KIK Sunnhordland med ordførar Morten Helland, Bømlo som vararepresentant.

**Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes ..... som regionrådet sin representant i KIK Sunnhordland, med ..... som vararepresentant.

**Vedtak:**

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes ordførar Synnøve Bakke, Tysnes, som regionrådet sin representant i KIK Sunnhordland, med ordførar Morten Helland, Bømlo, som vararepresentant.

Representantane vart valde for 2 år.

**Sak 36/23 Konseptvalutgreiing E134 arm til Bergen**

Statens vegvesen har på oppdrag frå Samferdselsdepartementet utarbeida konseptvalutgreiing for E134 arm til Bergen. Utgreiinga analyserer ulike løysingar for eit meir effektivt vegsamband mellom E134 og Bergensområdet. Samferdselsdepartementet har bede Statens vegvesen om å sende konseptvalutgreiinga på høyring til lokale og regionale myndigheiter, samt andre interessentar.

Høyringsfrist er 31. desember 2023.

Høyring blei lagt fram til drøfting.

På møte:

Leiar kom med innspel om at Sunnhordlandsrådet må gjere seg kjent med utgreiinga og samtidig sjå den i samanheng med Hordfast.

Det vart sett ned ei arbeidsgruppe for samferdsle.

Arbeidsgruppa er som følgjer:

Ordførar Vegard Bjørnevik, Kvinnherad  
Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Etne

Ordfører Sigbjørn Framnes, Stord  
Ordfører Synnøve Bakke, Tysnes

Dagleg leiar lagar utkast til uttale saman med arbeidsgruppa som vert lagt fram i sak til neste møte i regionrådet 7. desember. Dagleg leiar blei beden om å ta utgangspunkt i Haugalandrådet sin uttale, dette for å sikre at me som storregion står mest mogeleg politisk samla.

Administrasjonen vart i tillegg bedt om å sende ut kopi av brev, sendt Statens vegvesen pr. 7. februar 2023 for orientering til Sunnhordlandsrådet.

### **Sak 37/23 Møte med Hordalandsbenken og ulike departement 2024**

Sunnhordlandsrådet har årlege møter med Hordalandsbenken og ulike departement. Møta pleier å finne stad i Oslo andre veka i januar. Det er avtalt møte med Hordalandsbenken 9. januar 2024 kl. 17-18. Det er ynskjeleg for Hordalandsbenken at dei i forkant av møte med oss, mottar kva tema me ynskjer å legge fram.

#### På møte:

Saka vart drøfta i møtet og Sunnhordlandsrådet var samde om at dette var viktige møter å gjennomføre. Dagleg leiar fekk i oppgåve å planlegge Oslotur for regionrådet.

Det hastar med å få klarlagt kva saker og departement som er aktuelle for møta, slik at planlegging av møta kan starte allereie no.

Sunnhordlandsrådet vart oppmoda om spela inn saker til dagleg leiar med oversikt på kva departement og saker ein ønskjer å ta opp.

**Frist for tilbakemelding er 2. november.**

### **Sak 38/23 Arendalsuka - evaluering og plan for neste år**

Viss administrasjonen skal tilretteleggje for gjennomføring i 2024, så er det ein fordel å allereie tinga overnatting og arena for arrangement. Gjennomføring av arrangement under Arendalsuka 2024 og eventuelt format på det, blir lagt fram til drøfting i Sunnhordlandsrådet.

#### På møte:

Dagleg leiar og leiar i regionrådet orienterte om korleis dette har vore gjennomført i dei 3 åra me har delteke, samt bakgrunn for deltaking.

Sunnhordlandsrådet var positive til å delta på Arendalsuka 2024.

Dagleg leiar vart bedt om å setje igjen planlegging av Arendalsuka 2024.

### **Sak 39/23 Skriv og meldingar**

#### **a) Sunnhordland Ungdomsråd 6. november**

Region Sunnhordland inviterer i samarbeid med Moster 2024, leiar og nestleiar i ungdomsråda i Sunnhordland til møte den 6. november. Om ordførarane i Sunnhordland har anledning til å delta så er de hjarteleg velkomne.

Program for dagen:

- Kl. 11.30 Lunsj
- Kl. 11.45 Velkommen v/ Tora Haslum Myklebust
- Kl. 12.00 Innlegg og samtale med Noregs yngste ordførar Håvard Handeland, Sauda kommune
- Kl. 12.30 Presentasjon av Moster2024 v/ Svein Olav Langåker og Vilde Lundal Santell
- Kl. 12.45 Verdisamtale: Ungdommane frå ungdomsråda blir delt i grupper og får i oppgåve snakka om kva verdiar som er viktige for framtida. Kva vil stå seg om 100 eller 1000 år?
- Kl. 13.10 Pause
- Kl. 13.20 Verdisamtale i plenum: Alle grupper legg fram sine forslag – og me har ein samtale om kva verdiar som er viktige for framtida.
- Kl. 14.00 Pause
- Kl. 14.10 Presentasjon av Region Sunnhordland v/ Tora H. Myklebust og Nina H. Matre
- Kl. 14.30 Samtale med ungdomsråda: Korleis kan ein få unge til å flytta heim etter utdanninga?
- Kl. 15.00 Vel heim

**b) Kommunekonferanse - Kommunane møter staten 29-30. november**

Til informasjon blir haustens kommunekonferanse – Kommunane møter staten – arrangert onsdag 29. og torsdag 30. november 2023. Samlinga blir denne gangen lagt til Fretheim Hotel, i Flåm.

**c) Regionrådsmøte 7. desember og fellesmøte med Haugalandrådet 8. desember**

Den 7. desember skal Sunnhordlandsrådet ha møte på Stord, og dagen etterpå er det fellesmøte med Haugalandrådet. Stortingsrepresentantane for Sunnhordland og Haugalandet blir invitert til å delta i møta. Sunnhordland sine stortingsrepresentantar blir og invitert til Sunnhordlandsrådet sin middag om kvelden den 7. desember. Då blir dei utroppande ordførarane også invitert og takka av.

Tema fellesmøte den 8. desember som har vore diskutert, er våre felles prosjekt og utfordringar:

- Bu- og omdømeprosjekt
- Utanforskap
- Hawind og grøn industriutvikling

**d) Felles formannskapsmøte 16. februar 2024**

Den 16. februar 2024 blir det felles formannskapsmøte for alle formannskapa i Sunnhordland. Det vil bli ein gjennomgang av ulike regionale tiltak og prosjekt. Her vil formannskapa bli betre kjent med både Region Sunnhordland (Visit Sunnhordland, Bu i Sunnhordland, Geopark Sunnhordland, Rein Hardangerfjord) og Atheno (Invest in Sunnhordland) sitt arbeid.

## Sak 40/23 Ymse

### a) Val av Sunnhordlandsrådet sin representant til reiselivssatsinga Visit Sunnhordland.

Sunnhordlandsrådet har vald representantar frå regionrådet inn i styringsgruppa til Visit Sunnhordland. Gaute Epland, Stord, har vore regionrådet sin representant hittil med Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Etne, som vara.

#### På møte:

Det kom innspel om følgjande representantar til styringsgruppa i Visit Sunnhordland: Ordførar Morten Helland, Bømlo og André Mundal Haukås, Sveio.

#### **Vedtak:**

Sunnhordlandsrådet vedtek samrøystes ordførar Morten Helland, Bømlo, som regionrådet sin representant styringsgruppa til Visit Sunnhordland, med ordførar André Mundal Haukås, Sveio, som vararepresentant.

Representantane vert valde for 2 år.

### b) Grøn region Vestland

Stord ordførar Sigbjørn Framnes la fram eit ynskje om at Grøn region Vestland v/Bård Sandal, blir invitert til neste regionrådsmøte, for å orientere om arbeidet med hubane i Grøn region Vestland. Vestland fylkeskommune er i desse daga i gong med versjon 2.0 Grøn region Vestland. Viktig at Sunnhordland får spelt inn sine synspunkt i det arbeidet.

### c) Studietur – våren 2024

Sunnhordlandsrådet reiser på studietur kvart fjerde år. Den er lagt til andre kvartal etter at nye ordførarar er konstituert. Dette med mål om at regionrådet så tidleg som mogeleg etter valet, saman kan sette strategisk regional retning. Samt at studieturen er viktig for samarbeidet og det kollegiale i oppstarten av eit nytt regionråd.

Følgjande tema for studietur 2024 blei spelt inn:

- København med tema eldreomsorg.
- Helsingborg med fokus på korleis rekruttere kompetanse og behalde kompetanse.
- Gavorrano med fokus geopark og reiseliv.

Administrasjonen jobbar vidare med planlegging av studietur våren 2024.